

Innkalling

Utval: Ålesund kontrollutval
Møtestad: Ålesund rådhus, lågblokka 4. etg rom 463
Dato: 05.03.2024
Tidspunkt: Kl. 15:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90 74 13 99

Varamedlem møter etter nærare innkalling frå sekretariatet.

Merk at oppstartstidspunkt er **kl. 15.30.**

Til slutt i møtet går sekretariatet kort gjennom programmet for arbeidsmøtet 18. mars.

Sakliste

PS 09/24	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 10/24	Orienteringar
OS 03/24	Orientering frå kommunedirektør 05.03.2024
PS 11/24	Ålesund kontrollutval si årsmelding for 2023
PS 12/24	Meldingar
MS 05/24	Oversikt kontrollutvalet sine saker i 2023
MS 06/24	Om kontrollhandlingar av eingongskostnader ved deling av Ålesund kommune

Ålesund, 27.02.2024

Svein Rune Johannessen
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 09/24 Ålesund kontrollutval

Møtedato
05.03.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Ålesund kontrollutval - 30.01.2024

Møteprotokoll

Utval: Ålesund kontrollutval
Møtestad: Ålesund rådhus, lavblokka 4. etg rom 463
Dato: 30.01.2024
Tidspunkt: kl. 15:00 - 16:30

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Geir Stenseth
Hans Endre Sæterøy
Svein Rune Johannessen
Åse Marie Myren

Andre som var til stades:

Frå kommuneadministrasjonen, kommunedirektør Jon Steven Hasseldal - sak PS 02/24.
Frå Møre og Romsdal Revisjon SA, dagleg leiar Martin Gjendem Mortensen og
oppdragsansvarleg revisor Linn G. Pettersen.
Frå Sunnmøre kontrollutvalssekretariat, seniorrådgivar Solveig Kvamme.

Svein Rune Johannessen
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

PS 01/24	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 02/24	Orienteringar
OS 01/24	Generell informasjon frå revisor
OS 02/24	Orientering frå kommunedirektør 30.01.2024
PS 03/24	Kontrollutvalet si påsjå-rolle
PS 04/24	Rapport frå interimkontroll 2023
PS 05/24	Prosjektskisse for gjennomføring risiko- og vesentlegvurdering 2024
PS 06/24	Møteplan og årshjul 2024
PS 07/24	Rutiner for mottak av førespurnader til kontrollutvalet
PS 08/24	Meldingar
MS 01/24	Forventningsavklaring kontrollutval, ordførar og kommunedirektør 2024
MS 02/24	Informasjon om Forum for kontroll og tilsyn sin fagkonferanse 4. og 5. juni 2024
MS 03/24	Informasjon om generalforsamling i Attvin AS
MS 04/24	Ekstraordinær generalforsamling 28.12.2023 i Sørsida Utvikling AS

PS 01/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 01/24 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte.

Behandling

Ingen merknader frå utvalet.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling, sakliste og protokoll frå forrige møte.

PS 02/24 Orienteringar

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 02/24 Vedtak:

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

OS 01/24 Generell informasjon frå revisor

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 01/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Behandling

Revisor orienterte kontrollutvalet om engasjementsbrevet knytt til investeringsprosjekt.

Utvalet fekk informasjon om revisor si rolle knytt til attestasjoner på

kommunedelingsrekneskapen. Vidare orienterte revisor kort om den faglege støtta dei gav til Vekst Ålesund i 2023.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

OS 02/24 Orientering frå kommunedirektør 30.01.2024

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 02/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Behandling

Kommunedirektøren orienterte om status for arbeidet med budsjettoppfølging og svarte på dei spørsmål utvalet hadde.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 03/24 Kontrollutvalet si påsjå-rolle

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 03/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjon om gjennomført kvalitetskontroll av Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Behandling

Dagleg leiar i Møre og Romsdal Revisjon SA orienterte kontrollutvalet om den eksterne kvalitetskontrollen som vart gjennomført i 2023.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjon om gjennomført kvalitetskontroll av Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

PS 04/24 Rapport frå interimkontroll 2023

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 04/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2023, til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2023, til vitande.

PS 05/24 Prosjektskisse for gjennomføring risiko- og vesentlegvurdering 2024

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 05/24 Vedtak:

Kontrollutvalet ber Møre og Romsdal Revisjon SA gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Ålesund kommune. Prosjektplan ROV av januar 2024, samt dei moment som kom fram i møtet, vert lagt til grunn.

Kontrollutvalet ber om at oppdraget vert utført innanfor ei ramme på 250 timer og at kontrollutvalet kan vedta ROV-analyse i mai 2024. Det er ei målsetting at kontrollutvalet si innstilling til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, vert lagt fram for kommunestyret seinast medio september.

Behandling

Dagleg leiar Møre og Romsdal Revisjon SA presenterte prosjektplanen for gjennomføring av risiko- og vesentleganalyse. Kontrollutvalssekretæren viste planen for prosessmøtet 18. mars,. Då møttest kontrollutval, politisk og administrativ leiing, for å få fram informasjon om kva som er risikoområder i kommunen si verksemd og eigarskap. Dette er ein del av informasjonen som vert brukt saman med andre kilder i risiko- og vesentleganalyse.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet ber Møre og Romsdal Revisjon SA gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Ålesund kommune. Prosjektplan ROV av januar 2024, samt dei moment som kom fram i møtet, vert lagt til grunn.

Kontrollutvalet ber om at oppdraget vert utført innanfor ei ramme på 250 timer og at kontrollutvalet kan vedta ROV-analyse i mai 2024. Det er ei målsetting at kontrollutvalet si

innstilling til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, vert lagt fram for kommunestyret seinast medio september.

PS 06/24 Møteplan og årshjul 2024

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 06/24 Vedtak:

Ålesund kontrollutval vedtek følgjande møteplan for 2024:

- 5. mars
- 30. april
- 28. mai
- 3. september
- 29. oktober
- 26. november

Møtetidspunkt er kl.16.30 om ikkje anna vert presisert i innkallinga.

I tillegg kjem prosessmøtet knytt til arbeid med risiko- og vesentleganalysa måndag 18. mars kl. 9.00-12.00.

Behandling

Hans Endre Sæterøy fremma ynskje om at møtetidspunkt vert kl.16.30, slik at det er mogeleg å nytte offentleg kommunikasjon til og frå møta.

Votering: Samrøystes med endring av møtetidspunkt til kl.16.30

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval vedtek følgjande møteplan for 2024:

- 5. mars
- 30. april
- 28. mai
- 3. september
- 29. oktober
- 26. november

Møtetidspunkt er kl.16.00 om ikkje anna vert presisert i innkallinga.

I tillegg kjem prosessmøtet knytt til arbeid med risiko- og vesentleganalysa måndag 18. mars kl. 9.00-12.00.

PS 07/24 Rutiner for mottak av førespurnader til kontrollutvalet

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 07/24 Vedtak:

Ålesund kontrollutval vedtek å nytte framlagte rutiner for handsaming av førespurnader til kontrollutvalet.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Ålesund kontrollutval vedtek å nytte framlagte rutiner for handsaming av førespurnader til kontrollutvalet.

PS 08/24 Meldingar

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 08/24 Vedtak:

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

MS 01/24 Forventningsavklaring kontrollutval, ordførar og kommunedirektør 2024

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 01/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 02/24 Informasjon om Forum for kontroll og tilsyn sin fagkonferanse 4. og 5. juni 2024

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 02/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Dei tre medlemmane som ikkje deltek på NKRF sin konferanse no i januar, ynskjer å delta på FKT sin fagkonferanse i juni. Påmelding og reise ordnar den enkelte sjølv.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 03/24 Informasjon om generalforsamling i Attvin AS

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 03/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

MS 04/24 Ekstraordinær generalforsamling 28.12.2023 i Sørsida Utvikling AS

Ålesund kontrollutval 30.01.2024

ÅKOU 04/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 10/24	Ålesund kontrollutval	05.03.2024

Orienteringar

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Underliggende saker

03/24 Orientering frå kommunedirektør 05.03.2024

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 03/24 Ålesund kontrollutval

Møtedato
05.03.2024

Orientering frå kommunedirektør 05.03.2024

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet kan be kommunedirektøren om å orientere om saker og aktuelle tema, både skrifteleg og munnleg.

Slike orienteringar gjev kontrollutvalet eit grunnlag til å vurdere om eit saksfelt er tilstrekkeleg gjort greie for, eller om utvalet vil gjere ytterligare oppfølging og undersøking av system og rutiner.

Kommunedirektøren er denne gongen bedt om å gje ei orientering om ulike prosjekt kommunen har for å sikre reint drikkevatt til innbyggjarande.

Og ei orientering om varslingsrådet og om rutiner og praksis knytt til dette.

Vedlegg

Bestilling av orientering til kontrollutvalet på møtet 05.03.2024

Emne: 5. mars orientering kontrollutval

Kopi: Anne Mette Liavaag <anne.mette.liavaag@alesund.kommune.no>, Svein Rune Johannessen <Svein.Rune.Johannessen@politikar.alesund.no>

Til: Jon Steven Hasseldal <Jon.Steven.Hasseldal@alesund.kommune.no>

Sendt: 23.02.2024 14:24:00

Fra: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>

Hei Steven.

På neste kontrollutvalsmøte så ber sekretariatet, etter avtale med leiar, om at kommunedirektøren gjev nokre orienteringar.

1. Vatn:

- Informasjon om kommunen sitt arbeid med å sikre reint drikkevatt til innbygarane i Ålesund og dei prosjekt som er planlagt eller allereie i gang.
- Kort informasjon om kva rutine-endringar som er gjort etter misleg-saka i 2022-2023. (Det vart i tidlegare informasjon til utvalet, sagt at de skulle ha ei rutine-endring i løpet av hausten 2023)

2. Utvalet ynskjer ei orientering om varslingsrådet. Bakgrunnen for at vi ber om dette, er at det er innanfor kontrollutvalet sitt mandat å kontrollere korleis varslingsssystemet fungerer. Kontrollutvalet vil vurdere om det er behov og heimel for å lukke møtet under denne orienteringa.

- Kven er i varslingsrådet?
- Kva rutine arbeider rådet etter?
- Korleis er varslingsrutinane gjort kjent internt/eksternt?
- Har kommunen rutine for varsling på øvste leiing?
- Tal og tematikk for varslingssaker i 2023

3. Tal og tematikk for rettstvistar, KOFA-saker, saker meldt til Datatilsynet og ev. andre tilsynsmynde – i 2023

Gje gjerne snarleg tilbakemelding på om dette er praktisk mulig å få i møtet 5. mars. Møtet startar kl. 16.30 (i lågblokka) og vi set desse orienteringane opp først i møtet.

Vi ber om å få informasjonen munnleg i møtet, men også skrifteleg i etterkant. Det skriftelege kan gjerne vere i form av ein presentasjon eller eit notat, som vert oversendt sekretariatet i etterkant.

Med venleg helsing

Solveig Kvamme

Seniorrådgivar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Tlf 90 74 13 99

solveig.kvamme@sksiks.no

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 11/24 Ålesund kontrollutval

Møtedato
05.03.2024

Ålesund kontrollutval si årsmelding for 2023

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval vedtek Årsmelding 2023 - Ålesund kontrollutval, slik den ligg føre. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2023.

Bakgrunn:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda og kommunen sine eigarinteresser. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpande kontrollen med den kommunale verksemda.

Kommunestyret må sørgje for at kontrollutvalet har dei ressursane som er naudsynte for å gjennomføre pålagde oppgåver, og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak. Utvalet skal også sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunen har i selskap. Kontrollutvalet skal rapportere resultata av arbeidet sitt til kommunestyret.

Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet gir informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2023 og dermed kva utvalet har gjort for å oppfylle rolla si, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet si rolle er heimla i kommuneloven § 23.

Utkast til årsmelding 2023 ligg ved som eige dokument. Årsmeldinga er utvalet si årsmelding og det er nyttig om kontrollutvalet gjev innspel til vedlagte forslag i møtet 5. mars. Årsmeldinga vert sendt over til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2023.

Vedlegg

Årsmelding 2023 Ålesund kontrollutval


Årsmelding 2023

Ålesund kontrollutvalg

Ålesund kontrollutval 2023:

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt verktøy i eigenkontrollen. Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret spelar difor ei avgjerande rolle i å setje fokus på kontrollarbeidet i kommunen.

Kontrollutvalet bidreg gjennom arbeidet sitt til forbetring og læring i den kommunale forvaltninga. Omfanget og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekkt styring og kontroll.



Illustrasjon: Kontrollutvalgsboken

Om kontrollutvalet

Ålesund kontrollutval hadde for perioden 2019-2023 slik samansetning:

- Bente Bruun - leiar
- Terri-Ann Senior - nestleiar
- Kåre Alfred Hanken - medlem
- Jannicke Strømmen - medlem
- Knut Helge Vestre - medlem

Varamedlemmer (for Senior og Hanken):	Varamedlemmer (for Bruun, Strømmen og Vestre)
1. Svein Inge Alnes	1. Terje Devold
2. Rolf Liebich	2. Charlotte Wennersberg
3. May Sissel R. Osvik	3. Trond Berg
4. Trygve W. Moxnes	4. Sigrid Eidsvik

For perioden 2023-2027 har Ålesund kontrollutval slik samansetning:

- Svein Rune Johannessen - leiar
- Åse Marie Myren - nestleiar
- Bente Bruun - medlem
- Geir Stenseth - medlem
- Hans Endre Sæterøy - medlem

Varamedlemmer (for Johannessen, Myren og Sæterøy)	Varamedlemmer (for Bruun og Stenseth)
1. Terri-Ann Senior	1. Randi Asbjørnsen
2. Asle Grimstad	2. Kåre Alfred Hanken
3. Siv Katrin Alnes	3. Terje Tvedt
	4. Wenche Gausnes Aasen

Ålesund kontrollutval har i 2023 (2022) hatt 6 (7) møter. Det siste møtet i 2023 var i det nye utvalet.

Innkalling med saksdokument vert sendt utvalet seinast ei veke før møtet. Innkalling og møteprotokoll vert sendt til medlemmer, første varamedlemmer, ordførar, kommunedirektør og revisjon. Dei same dokumenta vert lagt ut på kontrollutvalet si heimeside [Ålesund kontrollutval - SKS - Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS](#) og er der tilgjengeleg for alle.

Det har vore lenke til dokumenta frå politisk møtekalendar på Ålesund kommune si heimeside, slik at folk flest kunne finne kontrollutvalet sine dokument der dei elles finn sakspapira til andre folkevalde organ.

Ålesund kontrollutval har i 2023 (2021) behandla 41 (46) saker.

Møteprotokollen vert oversendt til kommunestyret som fortløpande rapportering. Leiar i kontrollutvalet har i kommunestyremøta bedt om ordet, om der har vore noko i møteprotokollen som kontrollutvalet ville gjere kommunestyret særskilt merksam på.

Dei saker der kontrollutvalet skal gje ei tilråding til kommunestyret, vert oversendt kommunestyret som eiga sak utanom protokollen.

Om revisjonen

Ålesund kommunestyre har valt eigenrevisjon som revisjonsordning med Møre og Romsdal Revisjon SA som sin revisor, både for Ålesund kommune og for dei fire kommunale føretaka.

Revisjonsselskapet peikar sjølv ut kven av sine tilsette som skal vere oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og oppdragsansvarleg for den enkelte forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Møre og Romsdal Revisjon SA leverer revisjonstenester på bestilling frå kontrollutvalet slik lov og forskrift tilseier.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov og forskrift. Av andre oppgåver så skal revisjonen mellom anna gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og kontrollere grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor utfører også ei rekke andre attestasjonar.

Kommunestyret har ved oppstart av perioden 2019-2023 vedteke ein plan for forvaltningsrevisjon som byggjer på ei risiko og vesentlegvurdering (ROV). Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontroll vert utført etter bestilling frå kontrollutvalet, med bakgrunn i den vedtekne planen og ut frå kontrollutvalet si eiga vurdering.

Oppdragsansvarleg revisorar har lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende, både knytt til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Om sekretariatstenesta

Ålesund kommune er medeigar av Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS, og kommunestyret har vedteke å nytte dette selskapet som kontrollutvalsekretariat. Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eit sekretariat som er uavhengig av både kommunen sin administrasjon og dei som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariatet er kontrollutvalet sin hjelpar og den som held kontinuiteten gjennom dei ulike valperiodane. For at kontrollutvalet skal kunne fylle kontrollfunksjonen sin på ein best mogeleg måte, er utvalet avhengig av at sekretariatet kan vere ein fagleg ressurs og diskusjonspartnar. Sekretariatet skal sikre at saker som vert handsama av kontrollutvalet vert forsvarleg førebudde og utgreidde og at vedtak vert fylgt opp.

Sekretariatet skal ivareta dokumenthandtering for kontrollutvalet i tråd med offentleglova og ha eit arkiv som tilfredsstillar krav i arkivlova med forskrifter.

Sekretariatet førebur og effektuerer bestillingar av dei ulike revisjonsoppdraga til revisor og skal ivareta kommunikasjonen med revisor mellom møta.

God kommunikasjon og samhandling mellom kontrollutval, sekretariat og revisor er ein føresetnad for at kontrollutvalet effektivt kan føre kontroll på vegne av kommunestyret.


Revisjon knytt til økonomiforvaltninga

På vegne av kommunestyret kontrollerer utvalet om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak. Kommunedirektøren har møtt i utvalet nokre gonger dette året, for å gje informasjon om status for økonomien og om korleis økonomistyringa er.

Utvalet får fortløpande informasjon frå revisor.

Dette vert mellom anna utført gjennom oppsummering frå interimrevisjon, rapport frå forenkla etterlevingskontroll, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding. Revisor er til stades på kontrollutvala sine møter for å ivareta god dialog med utvalet.

Kontrollutvalet uttalte seg om kommunen og dei kommunale føretaka sine rekneskap for 2023. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding frå revisor.



Kontrollutvalet uttalte at kommunestyret burde godkjenne rekneskap og årsmelding for det enkelte føretak, for kommunekassa og for kommunen sett under eitt (konsolidert).

Nummerert kommunikasjon frå revisor til kontrollutvalet

Eit nummerert brev er når revisor skal gje skriftlege meldingar til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren, om forhold som er nemnt i kommunelova § 24-7. Det er som regel tale om forhold som er av ein slik art, at revisor må melde frå om dei i ei meir formalisert form, utanom den årlege revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet har i 2023 motteke eitt nummerert brev frå revisor. Denne meldinga omhandla det faktum at revisor ikkje kunne uttale seg om konsolidert årsrekneskap 2022 for Ålesund kommune, innan 15. april som er fristen som er sett i kommunelova. Den konsoliderte årsrekneskapen 2022 skal for Ålesund sin del omfatte kommunekassa, dei fire kommunale føretaka Ålesund kommunale eigedom KF, Ålesund Brannvesen KF, Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF og Ingebrigt Davik-huset KF, samt det interkommunale samarbeidet Ålesundsregionens Havnevesen. Det var årsrekneskapen frå sistnemnte samarbeid som ikkje var klar innan fristen.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Etter kontrollutvalet si tilråding og med utgangspunkt i ei risiko- og vesentlegvurdering, vedtok kommunestyret i 2020 ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2023. Kontrollutvalet fekk i dette vedtaket, mynde til å endre på planane, om dei fant det tenleg.

På bakgrunn av situasjonen i samfunnet generelt og i kommunen, vedtok kontrollutvalet å bestille ein forvaltningsrevisjon innan psykisk helse for barn og unge i 2023. Rapporten vart presentert for kommunestyret av leiar i kontrollutvalet, i september 2023. Oppfølginga av tiltak til forbetring og læring, skal kommunedirektøren presentere for kontrollutvalet innan april 2024.

Kontrollutvalet fekk i januar ei orientering frå kommunedirektøren om kva oppfølging som er gjort etter fjorårets eigarskapskontroll. Utvalet sa seg nøgd med dei tiltaka administrasjonen har sett i verk knytt til forbetnings- og læringspunkta. Eigarskapsutvalet sette seg godt inn i rapporten også.

Andre saker:

Kontrollutvalet har til fleire av møta invitert kommunedirektøren for å gje utvalet informasjon og orientering om ulike tema. Utvalet er takknemleg for den velvilje administrasjonen ved kommunedirektøren viser ved å stille opp når kontrollutvalet spør om det.

Utvalet har fått orientering frå kommunedirektøren om mellom anna implementering av Helseplattformen, mangelfulle arkiv i gamle Haram, arbeid med registrering av gamle elevarkiv, om betalingsregulativ renovasjon og slam, manglande system for registrering av verdifull utsmykking og inventar, og om status for kommunen knytt til ferdigbehandla pasientar i spesialisthelsetenesta.

Kontrollutvalet har fått informasjon om kommunedirektøren si oppfølging etter mogelege mislege handlingar. Kommunedirektøren informerte om at det skulle kome ein revisjon av rutinar hausten 2023, der dette vert sett nærare på. Kontrollutvalet vil følgje opp dette temaet tidleg i 2024.

Andre saker kontrollutvalet har arbeidd med i 2023 er:

- Oppfølging etter rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet innan heimetenestene
- Oppfølging etter rapport om eigarskapskontroll 2022
- Gjeve innspel til reglement for folkevalde organ, Ålesund kommune 2024
- Eigenevaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden

Det er berre kommunestyret gjennom sine vedtak, som kan pålegge kontrollutvalet å gjera kontrollhandlingar. For alle andre førespurnader er det opp til utvalet sjølv å vurdere og avgjere om dei vil gjere nærare undersøkingar og eventuelt sette i gang ei kontrollhandling. I dei tilfelle der det er opplagt at henvendinga burde vore retta til andre instansar (som Sivilombodet eller Arbeidstilsynet), gjev sekretariatet rettleiing til meldar om det. Når kontrollutvalet mottek ein førespurnad frå innbyggjarar eller via andre kanalar, gjer utvalet ei vurdering av innhaldet og ser på om det er av ein slik art at det bør setjast i gang ei kontrollhandling.

Førespurnader som kontrollutvalet har vurdert i 2023 er mellom anna kva mynde kontrollutvalet har knytt til utbyggingsprosjekt i Ålesund kommune og om kontrollutvalet bør sjå nærare på mogeleg systemsvikt knytt til byggesakshandsaming. Kontrollutvalet vurderte det slik at dette er tema som kan vurderast i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga våren 2024.

Ein førespurnad om kva kommunen gjer knytt til mangelfulle arkiv i gamle Haram, følgde kontrollutvalet opp med å be om orientering frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren orienterte om kva tiltak administrasjonen har sett i verk. Kontrollutvalet sa seg nøgd med dei tiltaka som er sett i verk, og gjekk ikkje vidare med ytterlegare kontrollhandlingar.

Kompetanseutvikling:

Arbeidet i kontrollutvalet er i stadig utvikling. Det kjem jamleg nye faglege oppdateringar og sentrale føringar som kontrollutvalet må ha kunnskap om. For at kontrollutvalet skal klare å halde følgje med utviklinga, krevst det kontinuerleg læring og forbetring.

Ålesund kontrollutval dreg nytte av å vere medlem i Forum for kontroll og tilsyn, forumet arbeider for fagutvikling og kompetanseheving for både kontrollutval og sekretariat.

Leiar i kontrollutvalet Bente Bruun deltok i 2023 på NKRF kontroll og revisjon sin kontrollutvalskonferanse og Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse for kontrollutval. Ingen av dei andre medlemmane i kontrollutvalet hadde høve til å delta denne gongen.

Leiar Bente Bruun bidrog med eit fagleg innlegg i lag med rådgivar Solveig Kvamme, på FKT sin digitale kontrollutvalsløysarskule 17. november. Innlegget handla om arbeidet i kontrollutvalet og leiar si rolle.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 12/24	Ålesund kontrollutval	05.03.2024

Meldingar

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

Underliggende saker

05/24	Oversikt kontrollutvalet sine saker i 2023
06/24	Om kontrollhandlingar av eingongskostnader ved deling av Ålesund kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 05/24 Ålesund kontrollutval

Møtedato
05.03.2024

Oversikt kontrollutvalet sine saker i 2023 **Ålesund kontrollutval**

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

Bakgrunn:

Vedlagt er ei oversikt over saker som kontrollutvalet har behandla i 2023 og status for vidare oppfølging av desse.

Det ligg og ved ei oversikt over tilsyn som kontrollutvalet er kjent med.

Vedlegg

Oversikt saker heile 2023

Oversikt tilsyn Ålesund frå 2020 til 2024

Oversikt saker

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	status
01.12.21	Munnleg i møtet	Etiske retningslinjer	Ta dei etiske retningslinjene opp på eit seinare møte	Få ein gjennomgang av etiske retningslinjer og kompasset	Del av opplæring nytt utval?
2023					
25.01.23	PS 01/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre		✓
	PS 02/23	Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet innan heimetenestene	Etter å ha fått ei orientering frå administrasjonen om status i vedtaksoppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapport 2022 - kvalitet i heimetenesta, reknar kontrollutvalet forvaltningsrevisjonen som avslutta.		✓
	PS 03/23	Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2023 psykisk helse barn og unge - Ålesund kommune	Kontrollutvalet godkjenner plan for forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert. Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kom fram i møtet vert tatt inn i planen. Kontrollutvalet bed om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der kjem behov for vesentlege endringar i prosjektet.	Rapport i møtet 06.09.23	✓
	PS 04/23	Revisor sin rapport frå interimrevisjon 2022 - Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2022 til vitande.		✓
	PS 05/23	Innspel til reglement for folkevalde organ Ålesund kommune 2024	Kontrollutvalet gjev sine innspel til reglement for folkevalde organ på punkt som vedkjem kontrollutvalet og kontrollarbeidet. Dette vert sendt til oppgåveutvalet som arbeider med ny politisk styringsmodell. Ålesund kontrollutval vil revidere sitt eige reglementet for kontrollutval slik at det i større grad byggjer på reglementet for folkevalde organ i Ålesund kommune.		✓
	PS 06/23	Møteplan 2023 Ålesund kontrollutval	Ålesund kontrollutval sin møteplan for 2023: 25. januar ,15. mars, 10. mai, 7. juni, 23. august, 22. november (første møte nye utval) Møta vert haldne i Lerstadvegen 545 3. etasje, om ikkje noko anna vert presisert i innkalling for aktuelt møte. Møtetidspunkt er kl. 16.00		✓
	PS 07/23	Meldingar			
	MS 01/23	Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 02/23	Informasjon om fagkonferanse i Trondheim	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 03/23	Protokoll frå møte i representantskapet i ÅRIM IKS 09.12.2022	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 04/23	Protokoll frå generalforsamling i Bingsa Gjenvinning AS 09.12.2022	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓

Oversikt saker

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	status
		Orienteringer (om ferdigbehandla pasienter)	Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.		✓
15.03.23	PS 08/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre		✓
	PS 09/23	Oppfølging etter rapport om eigarskapskontroll 2022	Kontrollutvalet har sett til at kommunestyret sitt vedtak knytt til rapport frå eigarskapskontroll 2022, er fulgt opp. Kontrollutvalet ser det ikkje som nødvendig med nye undersøkingar no, knytt til Ålesund kommune si utøving av eigarskap		✓
	PS 10/23	Eigenevaluering av kontrollutvalet sitt arbeid	Kontrollutvalet ber sekretariatet ta med vidare dei innspel til forbetring, som kjem fram i møtet. Kontrollutvalet ber om å få ei sak på eit seinare møte, for å drøfte korleis noverande utval best mogeleg kan overføre erfaring og kompetanse til nytt kontrollutval i neste valperiode.	Sak om erfaringsoverføring på siste møtet i perioden	✓
	PS 11/23	Årsmelding 2022 Ålesund kontrollutval	Ålesund kontrollutval vedtek si årsmelding for 2022 og ber sekretariatet arbeide inn dei endringar som kom fram i møtet. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.		✓
	PS 12/23	Revisor sin uttale om forenkla etterlevingskontroll 2022 - tilskot private barnehager	Kontrollutvalet tek revisor sin attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll 2022 om tildeling av tilskot til private barnehagar, til vitande.		✓
	PS 13/23	Meldingar			
	MS 05/23	Informasjon om spørsmål til ordførar om mangelfulle arkiv i gamle Haram	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande og bed sekretariatet bestille ei orientering på dette frå kommunedirektøren, til neste møte.	Sjå OS 02/23	✓
	MS 06/23	Henvending om utbyggingsprosjekt Ålesund kommune og om kontrollutvalet sitt mynde	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	Vurdere tematikken i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon	Over til ny periode
	MS 07/23	Dato for generalforsamling 2023 for Ålesund kommune sine heileigde selskap	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 08/23	Høyring - tilrådingar for god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariat	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 09/23	Program Fagkonferanse for kontrollutval i Trondheim 31.5 - 01.06.2023 - Forum for kontroll og tilsyn	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 10/23	Melding om kommunestyrevedtak knytt til kommunedeling Ålesund og Haram	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande. (om val av revisjonsordning, revisor og sekretariat)		✓
	MS 11/23	Tilsynsrapport - differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓

Oversikt saker

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	status
	MS 12/23	Henvending om løyve til oppgradering av slamavskiller Stette	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	Vurdere tematikken i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon	Over til nytt periode
10.05.23	PS 14/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre		✓
	PS 15/23	Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Ingebrigt Davik huset Ålesund KF	Kontrollutvalet har vurdert det dei har fått lagt fram av dokument og informasjon. På bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet gjev kontrollutvalet følgjande uttale: Etter ei samla vurdering vil kontrollutvalet tilrå Ålesund kommunestyre å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Ingebrigt Davik-huset Ålesund KF.		✓
	PS 16/23	Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Ålesund brannvesen KF	Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, gjev kontrollutval følgjande uttale: Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Ålesund brannvesen KF.		✓
	PS 17/23	Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Møre og Romsdal 110-sentral KF	Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet gje følgjande uttale: Ålesund kontrollutval tilrår kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Møre og Romsdal 110-sentral KF.		✓
	PS 18/23	Nummerert brev 06 frå revisor om konsolidert rekneskap - Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.	Trekt tilbake når rekneskap vart levert	✓
	PS 19/23	Orienteringar			
	OS 01/23	Orientering om registrering av verdifull utsmykking og inventar - Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.		✓
	PS 20/23	Meldingar			
	MS 13/23	Henvending om betalingsregulativ renovasjon og slam 2023	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	Info neste møte om overskot sjølvkost, sjå MS 15/23	✓
	MS 14/23	Undervegsrapport frå forvaltningsrevisor - psykisk helsearbeid barn og unge	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
07.06.23	PS 21/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre		✓

Oversikt saker

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	status
	PS 22/23	Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Ålesund kommunale eigedom KF	Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet gje følgjande uttale: Ålesund kontrollutval tilrår kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Ålesund kommunale eigedom KF.		✓
	PS 23/23	Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Ålesund kommune	Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, gjev kontrollutval følgjande uttale: Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Ålesund kommune		✓
	PS 24/23	Orienteringar			
	OS 02/23	Orientering om arbeid med elevarkiv - Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.	Svarar ut MS 05/23	✓
	OS 03/23	Orientering om implementering av Helseplattformen - Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.		✓
	PS 25/23	Meldingar			
	MS 15/23	Informasjon frå ÅRIM AS	Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.	Svarer ut MS 13/23	✓
	MS 16/23	Melding om Statsforvaltaren sine tilsyn våren 2023 – spesialundervisning	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 17/23	Årsmelding 2022 - Forum for kontroll og tilsyn FKT	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
06.09.23	PS 26/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre		✓
	PS 27/23	Orienteringar			
	OS 04/23	Orientering om oppfølging etter mislege handlingar, til læring og forbedring	Kontrollutvalet tek informasjonen som er kome fram til vitande.	Revisjon interne rutinar oktober 2023.	Be om info om nye rutiner
	PS 28/23	Rapport frå forvaltningsrevisjon 2023 innan psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund kommune	1.Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev, i rapport frå forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid for barn og unge. 2.Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg konklusjonane og tilrådingane i rapporten, og sette i verk tiltak som kan bidra til å løyse dei utfordringar rapporten peikar på. 3.Kommunestyret bed kommunedirektøren om å rapportere skriftleg til kontrollutvalet på oppfølging av rapporten innan utgangen av april 2024.	Utgangen av april 2024	mai 2024

Oversikt saker

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	status
	PS 29/23	Revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 - Ålesund kommune	Ålesund kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2023, til vitande.		✓
	PS 30/23	Tilråding budsjetttramme for kontrollarbeidet 2024 - nye Ålesund kommune	Ålesund kontrollutval tilrår ei samla budsjetttramme 2024 for kontrollarbeidet i nye Ålesund kommune på kr 5 020 000. Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjetttramma for kontrollarbeidet når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Ålesund kommune.		✓
	PS 31/23	Tilråding budsjetttramme for kontrollarbeidet 2024 - nye Haram kommune	Ålesund kontrollutval tilrår ei samla budsjetttramme 2024 for kontrollarbeidet i nye Ålesund kommune på kr 1 212 000. Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjetttramma for kontrollarbeidet når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Ålesund kommune.		✓
	PS 32/23	Oppfølging av kontrollutvalet sine saker - oversikt per 01.09.2023	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande og ber sekretariatet informere nytt kontrollutval om dei saker som treng vidare oppfølging.		✓
	PS 33/23	Erfaringsoverføring og evaluering av utvalsperioden Ålesund kontrollutval	Kontrollutvalet bed sekretariatet ta med dei erfaringer og innspel som er kome fram, og sørge for at det nye kontrollutvalet vert kjent med dei.		✓
	PS 34/23	Meldingar			
	MS 18/23	Innkalling generalforsamling 01.09.2023 - Bingsa Gjenvinning AS	Utvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 19/23	Møre og Romsdal Revisjon SA - Protokoll årsmøte 2023	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 20/23	Erklæring om oppdragsansvarleg revisor sitt sjølvstende - Ålesund kommune 2023	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
Nytt utval, for perioden 2023-2027					
22.11.23	PS 01/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.		✓
	PS 02/23	Orienteringar			
	OS 01/23	Informasjon om revisjons- og kommunikasjonsplan 2023	Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande		✓
	PS 03/23	Engasjementsbrev frå revisor 2023-2027	Ålesund kontrollutval har 20. oktober 2023 motteke engasjementsbrev frå Møre og Romsdal Revisjon SA. Kontrollutvalet tek engasjementsbrevet til vitande og ber om at dei følgjande punkta vert tatt med vidare: • At dokumentasjon på ekstern kvalitetskontroll av Møre og Romsdal Revisjon SA og rapportar frå desse kontrollane vert gjort kjent for kontrollutvalet. • Dersom revisor gjev andre revisjonsbekreftingar på førespurnad frå kommunen, så vert kontrollutvalet informert om det. • Kontrollutvalet ynskjer å vere kopimottakar på oppstartsbreva som vert sendt i samband med revisjonsoppdraga. Kontrollutvalet ber sekretariatet følge opp at framtidige engasjementsbrev vert oppdatert		✓

Oversikt saker

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	status
			med desse punkta.		
	PS 04/23	Arbeidet i kontrollutvalet	Kontrollutvalet tek informasjonen om arbeidet i kontrollutvalet til vitande.		✓
	PS 05/23	Bestilling av risiko- og vesentlegvurdering 2024	Ålesund kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein prosjektplan for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurdering frå Møre og Romsdal Revisjon SA. I bestillinga må dei synspunkt om prosess og involvering som kom fram i møtet, takast med. I prosjektplanen skal det kome fram: • korleis analyse- og planarbeidet er tenkt å gjennomførast. • forventa ressursbruk samt tidsplan Prosjektplanen vert å legge fram til godkjenning for kontrollutvalet på første møte i 2024. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebur ein prosess for eit dialogmøte med inviterte partar, og legg fram ein plan for dette til neste møte. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll seinast kan leggest fram for kommunestyret i første møte andre halvår 2024.	Pågår våren 2024	Mai 2024 og Sept 2024
	PS 06/23	Møteplan 2024 - dato for første møtet	Ålesund kontrollutval sitt første møte i 2024 vert tirsdag 30. januar kl. 16.00. Møtestad Ålesund rådhus, lågblokka. Utvalet ynskjer å ha tirsdag som fast møtedag og møtestart vert sett til kl. 16.00. Om ikkje anna går fram av innkalling, så vert møta haldne på Ålesund rådhus, 4. etg. lågblokka.		✓
	PS 07/23	Meldingar			
	MS 01/23	Opplæring og kurs for nye kontrollutval	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓

Oversikt saker

Plan forvaltningsrevisjon (FR) og eigarskapskontroll (EK) 2019-2023	FK/EK	Behandling	Prioritet	start	Lever rapport	Oppfølging
Sjølvcost innan teknisk sektor	FK	Sak 43/20	1	Jan -21	06.10.21	23.11.22
Kvalitet innan pleie/omsorg	FK	01.12.21	2	Jan -22	09.07.22	Jan -23
Økonomistyring i oppvekstsektoren	FK		3			
Rutiner offentlege innkjøp	FK		4			
Psykisk helsearbeid barn og unge	FK	Sak 03/23, sak 28/23	ny	Des - 22	23.08.23	April -24
Eigarskapskontroll (sjå sak 44/20)	EK	Sak 31/21, Sak 40/21, sak 21/22		Jan -22	20.06.22	Jan -23

Forenkla etterlevingskontroll	Rekneskapsår	Rapport	Funn	Følgd opp
Rutinar ved attestasjon og tilvising	2023	Mai 2024		
Tilskot private barnehagar	2022	Mars 2023	nei	ok
Fosterheimgodtgjering	2021	Juni 2022	ja	ja
Opphaldsbetaling sjukeheim - langtidsopphald	2020	Sept 2021	ja	ja

Oversikt tilsyn i 2020-2023 Ålesund kommune, henta frå tilsynskalendar.no

Statlege tilsyn (som finnes i tilsynskalender)	Kven	dato	Kor	Rapport	Rettefrist
Undersøkingar i barnevernet	Statsforvalter	Nov 2020	Barnevern	nei	
Særskilt norskopplæring	Statsforvalter	Nov 2020	Aspøy skole	Jan 2022	20.05.2022
Tilsyn med arkivholdet	Arkivverket	Mai 2021	Dokumentsenteret	Juni 2021	01.01.2022
Tilsyn vassverk – distribusjonssystem	Mattilsynet	Nov 2021	Vatn - ytre	nei	
Differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk	Statsforvalter	Sept 2022	Vaksenopplæring/ integrering	Okt 2022	Ingen funn
Tilsyn med kommunal beredskapsplikt	Statsforvalter	Juni 2022	Beredskap	Juli 2022	Sept 2022
Bygg og anlegg - arbeid på eller ved veg – trafikkdirigering	Arbeidstilsynet	Nov 2022		nei	
Forebygge muskel- og skjelettplager og psykiske plager - stedlig tilsyn	Arbeidstilsynet	2022-2024	Fleire verksemder	nei	
Spesialundervisning	Statsforvalter	Feb 2023	Hessa skole Skodje barneskule		Sept 2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 06/24	Ålesund kontrollutval	05.03.2024
MS	Haram kontrollutval	

Om kontrollhandlingar av eingongskostnader ved deling av Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Revisor har vore i kontakt med kommunal og distriktsdepartementet med spørsmål om kva kontrollhandlingar og kva attestasjoar som skal leggst til grunn ved bekrefting frå revisor om at tilskott til å dekke nødvendige eingangskostnader ved deling av Ålesund kommune er brukt i samsvar med formålet.

Kommunal og distriktsdepartementet sitt svar som ligg ved her, vert lagt fram til orientering for både Haram kontrollutval og Ålesund kontrollutval.

Vedlegg

Svar på spørsmål om kontrollhandlingar ved kommunedeling - Ålesund Haram

Møre og Romsdal Revisjon SA
v/ Linn Gunhild Pettersen

Deres ref

Vår ref

Dato

22/930-426

9. februar 2024

Svar på spørsmål om kontrollhandlinger fra revisor ved rapportering om bruk av tilskudd til engangskostnader ved kommunedeling

Vi viser til e-post 30. august 2023 der det spørres om hvilke kontrollhandlinger og hvilken attestasjonsuttalelse som skal legges til grunn ved bekreftelse fra revisor om at tilskudd til å dekke nødvendige engangskostnader ved deling av Ålesund kommune er brukt i henhold til formålet.

Innretningen, premissene og føringene for den økonomiske kompensasjonen for kostnader ved å gjennomføre delinger, er beskrevet i brev 11. februar 2022 (22/930-20). Det vises også til brev 20. juni 2022 (22/930-131) der det blant annet redegjøres for krav til innholdet i søknaden om kompensasjon. Selve tilskuddet til Ålesund er gitt på grunnlag av kommunens søknad 1. november 2022 og budsjettet som lå til grunn for søknaden. Departementets tilsagnsbrev 2. august 2023 (22/930-344) gir nærmere premisser for bruk og rapportering av tilskuddet.

De omtalte brevene gir «rammene» for kompensasjonsordningen, og det vil være naturlig at revisor tar utgangspunkt i disse brevene ved sin kontroll av om tilskuddet er brukt i henhold til formålet. Departementet vurderer at revisor kan utføre kontrollen etter revisjonsstandard ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger, der følgende kontrollhandlinger utføres:

1. Kontroll av at utgiftene er innenfor budsjettet som lå til grunn for søknaden.
2. Kontroll av at utgiftene dekkes av føringene i brev av 11.2.2022 og 20.6.2022, og gjelder
 - Prosjektledelse og prosjektorganisering,
 - Nødvendige tilpasninger i IKT-systemer eller
 - Intern og ekstern informasjon om delingen
3. Kontroll av at eventuelle budsjettavvik eller omprioriteringer av midler mellom tiltak er tilfredsstillende forklart.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Charlotte Herje
22 24 72 84

4. Kontroll av om tilskuddet er brukt i sin helhet, og dersom det er ubrukte midler at riktig oppgitt beløp for ubrukte midler er oppgitt i rapporten fra (fylkes)kommunen, samt at beløpet er avsatt til bundet fond.

Når det gjelder kontroll punkt nr. 3 om budsjettavvik, legger departementet til grunn at mindre budsjettavvik eller omprioriteringer ikke trenger særskilt forklaring. Det vil være opp til revisor å vurdere hva som anses som mindre avvik eller omprioriteringer.

Kontrollpunkt 1 til 3 kan gjennomføres ved å kontrollere et utvalg av kommunens utgifter for hver av de tre kostnadstypene. Det vil være opp til revisor å vurdere omfanget av utvalget.

Med hilsen

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Jørgen Teslo
utredningsleder

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Norges Kommunerevisorforbund